



Forn Sed Norge vedkjenner seg til norsk folketru og dei vettar og skikkar folketrua representerer, samt gudar og andre skikkelsar innan norrøn mytologi. Formålet til foreininga er å vidareføra gamle tradisjonar, sed og skikk, og å skapa innsyn og interesse for folketrua og den norrøne kulturarv.

Forn Sed Norge er eit offentleg godkjent trdomssamfunn i Noreg.

Alle som er interesserte i å heva til vørndnad att den gamle seden og kulturarven, og halda den heidne seden i hevd, kan verta medlem i foreininga.

Me gjer merksam på at Foreininga Forn Sed tek på det sterkaste avstand frå nazistiske, rasistiske og andre menneskefiendtlege holdningar og tolkningar av det norrøne, attåt di kvar ei form for diskriminering.

Forn Sed Norge vil heva til verdigheit igjen gamal sed og kulturarv. Dette gjer me utan at det gjeng på kostnad av andre trus- eller livssynsretningar, gamle eller nye, eller andre folkegrupper sin kulturarv. Fanatisme og hat mot andre kan aldri sameinast med foreiningas føremål.

Den gamle sed er grunna på toleranse, ærlegdom, truskap, respekt for naturen og alt liv. Hovudinnhaldet til den heidenske sed er at kvart menneske er ansvarleg for seg sjølv og sine handlingar. I Håvamål, talt av Odin, finst bl.a. moralreglar til det heidenske menneske. Verdsbiletet er skildra bl.a. i Voluspå. I religiøse spørsmål tek me primært utgangspunkt i dei gamle Eddadikta og nordisk folketru.

Å kalla seden åsatru er eigentleg misvisande, då trua ikkje berre er knytte til æser åleine. Det er lov å erkjenne fleire gudar og vetter innan norrøn mytologi og folketru, til dømes landvetter, gjenferd, alvar, disar, vanar, jotnar, dvergar, nissar osv. Foreiningas medlemar praktiserar si tru slik det passar for kvar og ein, så lenge det ikkje er i strid med norsk lov. Dei kan halda gudebilete og andre teikn til maktene for heilage, men det er ikkje plikt for andre å tilbe desse.

Forn Sed Norge ynskjer me å skapa et levedyktig forum for alle som ynskjer å vidareføre gamle tradisjonar, sed og skikk, og skapa forståing og interesse for den gamle kulturarv. Dette kan være ulike kulturformidlingsprosjekt, temakurs og ekspedisjonar i tillegg til andre arrangement. Ambisjonane er store, og Forn Sed Norge er stolt av å kunne presentere eit omfattande kulturformidlingsprosjekt; Folkeseign og folkedikting, ei brei samling av mytiske segn, folkeminne, folkeviser og kvad. Desse samlingane inneheld i dag mange hundre artiklar.

Forn Sed Norge gjev også ut medlemsbladet Ni Heimer, og på foreiningas nettsider vert det presentert eit stort utval tidligare publiserte artiklar.

Av andre like viktige aktivitetar held me nokre samkomer i året kor me heidrar våre gudar, makter og andre vesen i naturen gjennom blot. Sjå Ni Heimer for nærmare opplysning. Foreiningas øvste organ er årsmøtet som vert helde den fyrste helga i juli kvart år. For ytterlegare informasjon om arrangementet, kan du vitje årsmøtet sine egne informasjonssider på nettet.

FORN SED NORGE

Postboks 8851, St. Olavs Plass
0028 Oslo, Norge

Org.nr:
983 227 562
styret@forn-sed.no

www.forn-sed.no



Foreininga Forn Sed er eit offentlig godkjent trudomssamfunn i Noreg og mottok stats- og kommunal tilskot, og det kostar ikkje noko å være medlem i trudomssamfunnet.

Trudomssamfunnet Forn Sed Norge er i stor vekst. Me har hovudsakleg medlemmar i Oslo/Akershus, Østfold, Vestfold og Sør-Trøndelag, men også resten av landets fylker er representert, - menn og kvinner i alle aldre, frå born og ungdom til pensjonistar og godt vaksne menneskjer.

Er du interessert i den gamle sed, søker fellesskap med andre heidenske menneskjer, er oppteken av gamle tradisjonar, norrøn mytologi, folketru, norrøn historie og kultur. Foreininga Forn Sed er open for alle som på ein eller annan måte er interessert i det norrøne, samt folketru. Religiøst eller ikkje.

Alle som er over 15 år med fast busetjing i Noreg og som er innstilt på å halde foreiningas vedtekter kan verta medlem i Foreininga Forn Sed. Dersom du er under 15 år må du ha føresette sitt samtykkje til medlemskap. Alle medlemmar er likeverdige, har stemmerett og kan stilla til val i foreiningas organ. Den som ynskjer å verta medlem i foreininga, må fyrst melde seg ut av andre trudoms- eller livssynssamfunn (i Noreg). Det er i fylgje norsk lov ikkje løyveleg å vera medlem av to trudoms- eller livssynssamfunn samstundes. Informasjon om korleis ein melder seg ut av andre trudomssamfunn kan foreininga gje nærmare opplysningar om. Deretter fyller ein ut eit eige innmeldingsskjema og sender det tilbake til Foreininga Forn Sed. Medlemskapet er gratis.